



Nordfjord vassområde

Nordfjord Vassområdeutval
i flg mottakarliste nedanfor

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
13/11364

Dato

24.09.2013

Statusrapport

Her kjem ei lita statusrapport om arbeidet i prosjekt Vassområde Nordfjord.

Tiltaksanalyse

Det er laga oversikt over kva for vassførekomstar som er i risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021, og desse er sendt til ansvarlege styresmaktar for dei enkelte former for påverknad. Desse har så oppgåva etter vassforskrifta med å utgreie tiltak og premissar for fastsetting av miljømål. Arbeidet med tiltaksanalysen er forseinka i høve opprinneleg framdriftsplan, på grunn av ressursmangel hos fleire sektorstyresmakter, samt at rettleiingsmateriale frå overordna styresmakter ikkje er ferdig. Vassområdeutvalet vil bli innkalla til møte seinare, der framlegg til tiltaksanalysen vil bli handsama.

Overvaking

Følgjande overvaking er tinga og gjennomført:

Vasskjemi: tilbodskonkurranse gjennomført i mars 2013, prøvetaking ved prosjektleiar og analyse ved Vestfold lab i april, juni, august og oktober 2013 på 35 lokalitetar i elvar og innsjøar. Førebels resultat er vedlagt.

Begroing / fastsittande algar i elvar: Direkteanskaffing med Limno-Consult. Gjennomført i august på 31 lokalitetar.

Sjøbotn og strandsoner: tilbodskonkurranse gjennomført i mai-juli 2013. I områda Gloppefjorden, Eidsfjorden, Ulvesundet ved Måløy, og ved Selje er sjøbotnen undersøkt/prøvetatt i august, og strandsonen undersøkt i september av Uni Research. I Nordgulen er strandsonen undersøkt i september, medan sjøbotnen vil bli undersøkt/prøvetatt i februar-mars 2014 av Det Norske Veritas.

Undersøking av fisk og botndyr i Hildeelva: tilbodsinnhenting gjennomført i august-september. NIVA har fått tildelt oppdraget og gjennomfører undersøking i september-oktober.

Finansiering

Vågsøy kommune har saka om deltaking i prosjekt Vassområde Nordfjord oppe i kommunestyret 26.09. Dei andre kommunane har no vedtatt å vere med på finansiering av prosjektet, dog med ei justering av beløpet frå Eid kommune sin side. Kommunane er

faktuererte for 2012, og vil i løp av året få faktura for 2013. Fylkesmannen og Fylkeskommunen har overført sin del av finansieringa (25 % kvar) for 2012 og 2013.

Prosjektlearstilling

Underteikna ønskjer å trappe ned stillinga som prosjektlear til 50 % og har søkt Gloppen kommune om permisjon frå 50 % av stillinga. Vertskommunen for prosjektet har tilsett prosjektlear for perioden 20.08.2012 – 31.12.2014. Grunnen til permisjonssøknaden var tilhøve til ei fast stilling i Nordfjord Miljøverk IKS. Gloppen kommune ved rådmannen og leiar samfunnsutvikling, tilrettelegging og forvaltning ser det som lite tenleg å tilsette nye prosjektlear i sluttfasen av arbeidet med tiltaksanalysar, og meiner beste løysing er at underteikna held fram i 50 %. Dei frigjorde lønsmidlane kan så nyttast til konsulenthjelp. Eg er taknemleg for kommunen si innstilling og meiner det skal vere muleg å gjennomføre prosjektet på denne måten, all den tid hovudinnsatsen i høve overvåkingsprosjekt no er avslutta.

Arbeidsutvalet for Vassområde Nordfjord hadde saka oppe på møte 16. august og tilrådde at prosjektlearstilling i 100 % skulle lysast ut. Dette var før det var avklart med framhald i 50 %. Eg ber om tilbakemelding dersom det er ønskeleg med ekstra møte for å handsame sak om prosjektlearstillinga. Saka vil elles bli tatt opp som orientering på seinare møte.

Med helsing

Staffan Hjohlman
prosjektlear
tlf. 904 02 661

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
205257	Analyseresultat april juni august 2013.xlsx

Mottakerliste:

Anne Britt Andersen, Eid kommune <anne.britt.andersen@sfj.no>; Bremanger kommune v/ Bjørn Henry Marthinussen <Bjorn.Henry.Marthinussen@bremanger.kommune.no>; Eid kommune v/ Stanislawa Voldsund <Stanislawa.Voldsund@eid.kommune.no>; Espen Gulliksen, Bremanger kommune <espen.gulliksen@yahoo.com>; Fiskeridirektoratet reg Vest v/ Hanne Marie Utvær <Hanne-Marie.Utvar@fiskeridir.no>; Fylkesmannen i S&F v/ Gunn Helen Henne <fmsfghe@fylkesmannen.no>; Fylkesmannen i S&F v/ John Anton Gladsø <fmsfjag@fylkesmannen.no>; Gloppen kommune v/ Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@gloppen.kommune.no>; Gloppen kommune v/ Kristine Dahl <Kristine.Dahl@gloppen.kommune.no>; Hogne Bleie, Vågsøy kommune <hogne.bleie@mattilsynet.no>; Hornindal kommune v/ Ståle Hatlelid <stale.hatlelid@hornindal.kommune.no>; Jakob A Sandal, Jølster kommune <jasandal@gmail.com>; Jakob Hammer, Stryn kommune <jakhamme@online.no>; Jon Åge Torheim, Hornindal kommune <joa-torh@online.no>; Jølster kommune v/ Nygård Ola <Ola.Nygard@jolster.kommune.no>; Kenneth Brandal, Selje kommune <kenneth@fishtec.no>; Kystverket Vest v/ Elisabeth W. Julsrud <elisabeth.julsrud@kystverket.no>; Luster kommune <post@luster.kommune.no>; Mattilsynet region Hordal, Sogn og Fj v/ Merete Helgheim <merete.helgheim@mattilsynet.no>; NVE Region Vest

v/ Siss May Edvardsen <sme@nve.no>; Selje kommune v/ Kristian Nave <kristian.nave@selje.kommune.no>; Skjåk kommune <post@skjaak.kommune.no>; Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Merete Farstad (merete.farstad@fmsf.no); Statens vegvesen reg Vest v/ Eli Mundhjeld (eli.mundhjeld@vegvesen.no); Stranda kommune <post@stranda.kommune.no>; Stryn kommune v/ Odd Rønningen <odd.ronningen@stryn.kommune.no>; Vanylven kommune <postmottak@vanylven.kommune.no>; Volda kommune <postmottak@volda.kommune.no>; Vågsøy kommune v/ Ingvald Tennebo <ingvald.tennebo@vagsoy.kommune.no>; Ørsta kommune postmottak@orsta.kommune.no

Kopi til:

Bjørgulf Myklebust, Bremanger kommune <bjorgulf.myklebust@eninvest.net>; Bremanger kommune <post@bremanger.kommune.no>; Dag Henning Reksnes, Eid kommune <dag.henning@inmedia.no>; Eid kommune <post@eid.kommune.no>; Fiskeridirektoratet <postmottak@fiskeridir.no>; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane <post@fmsf.no>; Gloppen kommune <Postmottak.Gloppen@gloppen.kommune.no>; Hornindal kommune <post@hornindal.kommune.no>; Jølster kommune <postmottak@jolster.kommune.no>; Kystverket <post@kystverket.no>; Marit Sætren, Vågsøy kommune <maritsetren@hotmail.com>; Mattilsynet <Postmottak@mattilsynet.no>; Mattilsynet Hordal, Sogn og Fj v/ Torgeir Flatebø <torgeir.flatebo@mattilsynet.no>; Ola Inge Seljeset, Hornindal kommune <olainge@hotmail.com>; Ola Tarjei Kroken, Gloppen kommune <ola.tarjei.kroken@gloppen.kommune.no>; Selje kommune <post@selje.kommune.no>; Siv Hestad, Jølster kommune <siv.hestad@eninvest.net>; Statens Vegvesen reg Vest v/ Gaute Strømme (gaute.stromme@vegvesen.no); Statens Vegvesen Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>; Stryn kommune <postmottak@stryn.kommune.no>; Vågsøy kommune <post@vagsoy.kommune.no>